

Onsdag 27. mars spelar Gunslingers opp til påskedans på Dønhauglåven i Uskedalen. Dette blir andre gongen bandet vitjar Dønhaug, sist var påska 2009 då dei trakk full låve med 450 dansande gjester og laga topp stemning.

Gunslingers starta karriera si i 2008, og i løpet av eit par år vart dei eit av dei mest ettertrakta banda på festivalar rundt om i landet. Bandet er eit pop-country-band, og musikken og bandet utstrålar feststemning og treff eit stort publikum. Bandet har gitt ut 3 CD-ar, og det 4. albumet kjem i løpet av 2013. Tekstane er sjølvskrivne, humoristiske og vert framført på ekte hardangerdialekt, noko som ligg vokalist Frode Måkestad nærast.

Gunslingers er kjent for stor allsangfaktor, godt scene-show og store mengder humor. Då vokalist Frode Måkestad starta bandet, samla han ikkje inn ein gjeng med kompisar slik det ofte er, men søkte opp dyktige musikarar frå øvste hylle. Dette er grunnen til den høge musikalske kvaliteten deira.

Heile bandet har fartstid frå tidlegare band, studioarbeid og musikkutdanning.

Førehandsalet av billetter er godt i gang, og som vanleg vert det lagt opp til busstransport både innover og utover i kommunen etter at arrangementet er slutt. Varmelegg vil vera på plass og syta for ein lun og oppvarma låve, sjølv om ute-temperaturen kryp ned mot null.

Fleire gonger har det vore problem med betalingsterminalar, og då det ikkje er minibank i Uskedalen vil vertskapet på det sterkaste oppmoda gjester om å ta med kontantar for bruk i baren og for kjøp av billetter.

Besetning:

Vokal: Frode Måkestad,

Bass: Jostein Fonnes,

Steel gitar: Dan Mikal Ripe Frøystad,

Trommer: Frode Andreassen

Gitar: Jan Ove Johansen

Av Magne Huglen